



Hordabø Idrettslag
Radøyvegen 2795
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar: Ref.:GWXXMN-
Skjemnr.:208
Vår: 15/163 - 15/5614

Saksbehandlar:
Lin Tove Thomassen
lin.tove.thomassen@radoy.kommune.no

Dato:
18.05.2015

Svar på søknad om skjenkeløyver - opne arrangement i og ved Hordabøhallen

Viser til dykkar søknad om skjenkeløyve datert 11.05.15.

Hordabø idrettslag skal gjennomføre to opne arrangement med ambulerande skjenking.

Fredag 22. mai er det planlagt konsert med Stage Dolls og Return og laurdag 23. mai skal det vere dans med Aristocats og Splint.

Det er søkt om skjenking for alkoholhaldig drikk under 22 % frå kl 20.00 – 02 00 begge dagane. Konserten og dansen har aldersgrense 18 år. Dei skal setje opp telt og eit skjenkeområde skal gjerdast inn.

Søknaden er sendt til uttale hjå NAV Radøy og Nordhordland lensmannskontor. Dei har ingen merknader til søknaden.

Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 4-4 og 4-5 og kommunestyret si delegering av mynde til rådmannen, vert det gjeve skjenkeløyve for to einskildhøve for alkoholhaldig drikk **under 22% frå kl.20.00 til kl.02.00** i samband med konsert 22.mai og dans 23.mai 2015. Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halv time etter at skjenketida er slutt.

Ansvarleg for løyvet er **Frode Myking**, Bøtjørnvegen 90, 5037 Bøvågen, f. 18.06.1974, med **Bjørn Ove Myking** f. 21.12.51.som stadfortredar.

Område for skjenking er i dette løyve avgrensa til inne i hallen og til det uteareal som er skissert på vedlagte kart. Viser elles til "Lov om vern mot tobakksskader" med forskrift (Røykelova).

Radøy kommune føreset at naudsynt løyve frå politiet ligg føre. Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år. Løyveharar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkoholova og forskrifta til alkoholova vert fylgde

Kommunen sine alkoholkontrollørar kan koma på besøk for å sjå til at alkoholova sine føresegner vert følgde.

For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast ei avgift på kr 7000,-

Dersom du har spørsmål i saka kontakt leiar kultur- og sørvistorget Lin Tove Thomassen.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart - skjenkeområde (L)(27063)

Kopi til:

Alkoholkontrollen i Nordhordland
og Gulen

Mottakarar:

Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2795 5937

BØVÅGEN